



**DET KONGELIGE  
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT**

*Statsråden*

Stortinget  
Postboks 1700 Sentrum  
0026 OSLO

Deres ref  
Spm 475

Vår ref  
17/1386-2

Dato  
14. desember 2017

**Svar på skriftleg spørsmål nr. 475 frå representanten Geir Pollestad**

Eg viser til spørsmål nr 475 for skriftleg svar frå stortingsrepresentant Geir Pollestad. Spørsmålet lyd slik:

*"Til neste år får Mattilsynet eit kutt i løyvinga over statsbudsjettet. Kan statsråden garantere at antall tilsyn neste år ikkje vert lågare enn i 2017?"*

I budsjettforliket vart regjeringspartia, KrF og Venstre samde om å redusere Mattilsynet sitt budsjett med 25 mill. kroner. Det er lagt til grunn at innsparinga skal skje ved reduserte administrasjonskostnader. Denne føringa frå stortingsfleirtalet gir rom for at Mattilsynet kan vurdere om etaten kan verte meir kostnadseffektiv gjennom endringar i den administrative strukturen. Eg har varsla Mattilsynet om at det er her ein skal forsøke å ta ut innsparinga, og eg vil følgje dette opp vidare i mitt tildelingsbrev til tilsynet.

Mattilsynet forvaltar eit omfattande og detaljert regelverk som er krevjande å ha oversikt over for verksemdene. Mattilsynet arbeider, uavhengig av budsjettvedtaket for 2018, med å legge meir vekt på rettleiing av brukarane. God rettleiing kan vere ein kostnadseffektiv måte for å oppnå etterleving av regelverket.

Mattilsynet har dessutan viktige beredskapsoppgåver. Det å handtere situasjonar som oppstår og som kan true mattryggleiken, dyre-, fiske- eller plantehelsa, er ein viktig del av Mattilsynet sitt arbeid som blir løyst innanfor dei ordinære

budsjettrammene. Særskilte hendingar kan difor òg påverke talet på tilsyn som Mattilsynet gjer i løpet av eit år.

Eg har forventning om og er trygg på at Mattilsynet fortsatt vil vere leveringsdyktige på sine viktige ansvarsområde, både innan dyrevelferd, dyre- og fiskehelse, plantehelse og mattryggleik. Eg er oppteken av at tilsynsaktiviteten i Mattilsynet skal være høg. Samstundes er det viktig at dei tilsyna som vert gjennomført skjer med bakgrunn i gode risikovurderingar slik at tilsyn skjer med hyppigast frekvens der risikoen for avvik er størst. Mattilsynet bør målast på meir enn berre tilsynsverksemda. Det er likevel grunn til å understreke at tilsynsaktiviteten dei siste åra er høgare enn det den var sist Senterpartiet sjølv leia Landbruks- og matdepartementet. Denne tabellen viser utvikling i dette.

| Mattilsynets<br>tilsynsproduksjon: | Totalt antall tilsyn |
|------------------------------------|----------------------|
| 2009                               | 61 118               |
| 2010                               | 55 450               |
| 2011                               | 55 863               |
| 2012                               | 54 015               |
| 2013                               | 55 335               |
| 2014                               | 71 071 <sup>1</sup>  |
| 2015                               | 68 113               |
| 2016                               | 72 889               |

Eg er trygg på at Mattilsynet vil gjennomføre gode risikobaserte tilsyn også i 2018. Eg finn det likevel rett å påpeike at det ikkje er Mattilsynet, men den einskilte verksemda som er ansvarleg for at regelverket blir etterlevd. Mattilsynet skal også i 2018 bidra både med rettleiing og kontroll i eit betydeleg omfang.

Med helsing

Jon Georg Dale

---

<sup>1</sup> Mattilsynet gjorde endringar i måten tilsyn blir rapportert på frå og med 2014. I følge Mattilsynet sin årsrapport for 2014 er om lag 9.800 av auken på om lag 15.700 tilsyn frå 2013 til 2014 eit resultat av endra rapporteringsmåte.